

Kronhjorten skoten på Haugland i denne veka.

15.09.2017



Ein kronhjort på 113 kg. og med 12 taggar vart skoten på Haugland tysdag kveld. Jegeren var Bjørn Egil Haugland.

**Hjortejakta er i full gang. Det vert meldt om skotne dyr i alle jaktvalda i Uskedalen. Av 6 tildelte dyr på Skorpo er 2 skotne. Ein fin kronhjort på 113 kg og med 12 taggar vart skoten på Haugland i denne veka. Jegeren, Bjørn Egil Haugland, er godt nøgd jamvel om det var eit tungt slit å få dyret ned lia og fram til fjellvegen på Haugland.**

I tett skog omtalar Bjørn Egil dette som smygjakt. Dyret vart skote tysdag kl. 18.45. Heile to timar gjekk med til å få dyret fram til veggen og lasting på traktor. Haugland takkar Kåre Vethus og Pål Haugland for god hjelp. Hjorten var ferdig slakta kring kl. 23.

Leiar i viltnemnda i Kvinnherad, Leif Trygve Varanes, fortel til Uskedalen.no at det har vore ein liten nedgang på totalt tildelte dyr dei siste 5 åra. Jakta er utvida og går samanhegande frå 1. september til 23. desember. I løyve til kvart jaktvald vert det definert kor mange koller, bukkar, kalvar og frie dyr som skal felleast. Nokre vald har eigne bestandsplanar. Døssland og Kjærland har til dømes plan i samarbeid med store deler av Kvinnherad. Andre vald har ikkje plan.

Varanes understrekar at kvar jeger er betre rusta til oppgåva i dag enn slik det ofte var før. Jaktmoralen er betre og alle syner interesse for ei god og sunn forvaltning for å ta vare på hjortestamma i framtida.

Den som vil vita meir om den lokale hjortejakta i Kvinnherad, kan gå inn på [hjorteviltregistret.no](http://hjorteviltregistret.no)

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Bjørn Egil Haugland